



Catherine Bakke Ulvik
Grønlandsvegen 6a
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6971 - 22/78391

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
13.10.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 323/138 Frekhaug

Tiltak: bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 323/138
Tiltakshavar: Catherine Bakke Ulvik
Ansvarleg søkjar: Navar Takst Og Eiendom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.09.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplanen er mangelfull

Innhaldet i situasjonsplanen er mangelfullt. Du må sende inn ein ny situasjonsplan der manglande informasjon er påført:

- avstand til naboar
- avstand til kommunal veg
- avstand til andre bygningar

2. Uteoppholdsareal manglar

Planen som gjeld for eigendommen har føresegner om kor mykje uteoppholdsareal kvar bueining på eigedommen skal ha (MUA). Dette arealet må vises i situasjonskartet. Det er berre vist MUA for den eine (6B).

Ver merksam på:

Gjeldande plan har føresegner om kor mykje uteopphaldsareal kvar bueining skal ha (MUA). Dersom begge bueiningane ikkje tilfredsstillar gjeldande føresegner må det søkjast om dispensasjon frå minstekravet til MUA.

3. Dispensasjon frå kravet til grad av utnytting

Gjeldande plan har føresegner om grad av utnytting (max 25% BRA). Det du søkjer om

er ikkje i tråd med gjeldande føresegner. Det må i så fall søkjast om dispensasjon frå grad av utnytting.

4. Dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg

Tiltak nærmare enn 15 meter til kommunal veg krev dispensasjon etter veglova. Søknaden må sendast til kommunal vegmynde.

5. Dispensasjon frå avstandskrav til nabo (eller samtykkje)

Tiltak nærmare enn 4 meter til nabogrense krev anten dispensasjon frå pbl. § 29-4, eller samtykkje frå nabo.

6. Erklæring om ansvarsrett

Det er ikkje dokumentert tilstrekkeleg ansvar for tiltaket. Det må sendast inn erklæringar om ansvarsrett.

Hugs nabovarsel

Søknad om dispensasjon må nabovarlas jf. pbl. § 19-1.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.11.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Catherine Bakke Ulvik
Erik Ulvik

Grønlandsvegen 6a
Grønlandsvegen 6a

5918 FREKHAUG
5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Navar Takst Og Eiendom As

Bustølvegen 40

5919

FREKHAUG